

Referat frå styremøte

Dølehalli

Sted: Peisestova Dølehalli

Tid: Onsdag 28. november 2018 Kl.: 19:00 – 20:30

Til stades: Geir Notodden, leiar

Aksel Andersen, medlem

Bjørg Nordlien, medlem

Kåre Slætta, medlem

Hege Bjåland, medlem.

Solveig Jamgrav, rekneskapsførar

Kopi til: Astrid Åmot, varamedlem

Terje Nilsen Haugen, varamedlem

Nunnun Gjersund, varamedlem

Ottar Gjersund, varamedlem

Varamedlemmer vert innkalla til alle styremøte og mottek alle referata. Disse har ikkje møteplikt eller stemmerett forutan når dei stiller for ein namngitt fast representant.

Dersom du som medlem må melde forfall til styremøtet, så er det ditt ansvar at ein av varamedlemmane møter i ditt namn.

Sak 1/18

Rekneskap

Solveig orientera kort om rekneskapstal.

Samla inntekter kr 155.000,-

Leige kr 60.000,-

Basar kr 28.000,-

Olav Sollids bursdag kr 6.800,-

Samla utgifter kr 120.000,-

Straum kr 45.000,-

Forsikring kr 30.000,-

Kom. Avgifter kr 10.000,-

Vedlikehald kr 14.000,-

Behandling:

Me har førebels et forventa overskot på kr 25.000. Som skyldast at inntekta frå

Dyrsku'n i 2017 vart ført i rekneskapen for 2018

Konklusjon:

Me har ikkje handlingsrom for å gjera investeringar utover det som allereie er planlagd.

Handling:

Me sit no stille i båten og ser på kva me kan få til på nyåret i 2019.

Geir sendar eit takkekort til Olav Solid for den generause gåva.

Sak 4/18

Skolebygget

Me har no gjennomført dei planlagde arbeida med omsyn på utvendig drenering.

Behandling:

Det er enno nokon billag som manglar for å få den fulle oversikten. Men alle hovudkostnader er teken med i rekneskapen. Innvendig arbeid står att, men det vil ikkje bli prioritert før neste år.

Konklusjon:

Arbeidet er gjennomført som planlagd.

Handling:

Geir syter for at det blir satt inn ekstra varme i kjellaren for å få tørka ut murane.

Sak 9/18

Basar

Bjørg orientera om basaren som nett vart halden.

Me er nøgde med resultatet men kan sjå at nokon forbetringer kan gjerast. Me kunne ha seld fleire lodd, men gjekk tom for loddbøkar. For dårlig informasjon om skjoting og dart vart det også.

Behandling:

Det økonomiske resultat med ei overskot på ca. kr 26.000,- er me nøgde med.

Underhaldning av Ågapet var ein fin avveksling.

Me må syte for at informasjon om skjoting og dart blir betre og at prisane blir sett

opp. 4H sin tombola kan også bli litt dyrare.
Lynlotteri med kransekaker kan me utvide sidan dette var eit populært innslag.
Me må vera førebudde på at Bygdekvinnelaget ikkje kan stille opp med
kjøkkenteneste neste år.

Konklusjon:

Det vert halde basar neste år også.

Handling:

Geir syter for innkjøp av elektronisk dart.

Geir syter for betre organisering og informasjon om luftgeværskjotning.

Sak 6/18

Diverse

Bjørg minna konn om at me nå kan har tilgjenge til midlar gjennom grasrotandelen.

Handling:

Geir syter for at dette blir gjort kjent for alle gjennom heimesida konns og Facebook.

Bjørg meiner at det er på tide med ein skikkeleg opprydding i vaskerommet i
kjellaren og i frysaren.

Handling:

Bjørg er hjartelag velkommen og me er takksame til at Bjørg hiver seg på desse
oppgåvene.

Geir meiner det er tid for opprydding i kjellar og på lager.

Handling:

Geir tek kontakt med dei ulike foreiningar som nyttar Dølehalli som sin lagerplass og
oppfordrar dei til å få system i rotet og bli kvitt det som er å rekne som avfall.

Per sel mykje bøkar på bui. Kan han selje fleir?

Handling:

Geir tek kontakt med Per og spør om han ikkje vil ha fleire bøkar til sals.

Det er ikkje fastsett dato for nytt møte, men ein må rekne med at det blir halde i medio februar 2019. Møtet vil også vera førebuande til årsmøtet.